

# Innspel til områderegulering av Lonena, prosjekt P14031

Til:  
Lindås kommune og deira samarbeidspartnar OPUS Bergen AS

Frå  
Arvid Vatnøy  
Innbyggjar i Knarvik

27. desember 2016

Nedanfor fylgjer mine innspel til Lonena-prosjektet og det tilhøyrande planprogrammet.

## 1. Behovet for å bygge akkurat her akkurat no

Eg kan ikkje sjå at planprogrammet har gjeve noko klar grunngjeving for kvifor det trengst å byggje ut området rundt Lonena akkurat no. Utfrå det trege salet av bustader i dette området, samt Knarvikparken på nedsida av E39 kan det i allefall ikkje vere etterspuranden etter bustader som ligg bak desse utbyggingsplanane. Kvar ser kommunen for seg at alle den nye bebuarane skal kome frå? Nordhordland, Bergen eller kanskje frå utlandet?

At eit tomteutviklingselskap som eig området rundt Lonena ynskjer å tene pengar på å øydeleggja naturen kan ikkje åleine vere grunn god nok til å starte bygging av bustader og tilhøyrande infrastruktur her.

Vidare ser eg ikkje at det er gjeve noko klar grunngjeving for kvifor det i det heile har noko hensikt å auke folketalet i Knarvik. Det er allereide mykje trafikk inn og ut av Knarvik og stadig oftare er det kø i rushet. Dette vil jo mangedoble seg med auka folketal når desse skal til/frå arbeid, fritidsaktivitetar og anna. Dette vil generere mykje meir biltrafikk enn i dag fordi folk flest ikkje gidd eller har helse til å gå særleg langt og buss tar for lang tid for dei fleste. Dagleg ser eg mange ta bilen frå sine bustader sentralt i Knarvik, køyrer 300-400m på butikken og er attende att kort tid etterpå. Slike uvaner klarar ikkje kommunen å endre på i samfunnet med idealistiske framstillingar av gang- og sykkelvegtilbodet i planprogrammet.

## 2. Alternativ til å bygge akkurat her akkurat no

Kommunen har planar om å gjere Knarvik sentrum om til by ved å auke tal bebuarar der med fleire tusen. Kvifor ikkje slutføre dette prosjektet først? Då er jo etterspurnaden etter bustader i Knarvik dekkja i mange år framover. Det er jo i Knarvik sentrum at det er gangavstand til servicetilboda. Hvis ein no legg opp til å laga ein tettstad rundt Lonena, så vil jo dette redusere etterspurnaden etter bustader i Knarvik sentrum endå meir og det vil forseinka realiseringa av Knarvik by. Lonena-området ligg utanfor områdeplanen for Knarvik by.

Særleg vil eg oppfordre kommunen til å heller rive ned Schlumberger-bygget nedanfor Rema 1000 og byggje bustader her. Vidare få bort anna industri langs Kvassnesvegen i dette området og erstatte dette med bustader. Då dekkjer ein etterspurnaden i lang tid samstundes som desse skjemmande bygga blir erstatta med finare bygg og samstundes slepp ein å øydeleggje naturen og rekreasjonsområdet for Knarvik-innbyggjarane. Nye innbyggjar i sentrum vil i motsetnad til oppe i Lonena få gangavstand til alle fasilitetar i Knarvik.

Vidare er det andre område langs Lonsvegen som enno ikkje er ferdig utbygd. Til dømes er det laga til ei ca. 90 meter lang avkøyrsløp som i mange år har munna ut i skauen frå Lonsvegen mot nordaust på andre sida av Lonsvegen i høve til avkøyrsla ned til barnehagen. I dette området på oppsida av Lonsvegen er det her mykje areal som enno ikkje er utbygd. Hvis ein først skal gjere natur om til bustad- og butikkområde, så finst det med andre ord andre langt mindre øydeleggjande stader å byggje på enn rundt Lonena.

Området rundt Lonena bør kommunen oreigne til felles nytte for alle Knarvik-innbyggjarane og bli verna som eit naturparkområde som til dømes kan få namnet Knarvik Naturpark. Aktivitetssløyfa bør byggjast på med fleire grusvegar nord og aust for dagens aktivitetssløyfa slik at folk får fleire alternative traséar. I dag er det kun ein liten runde på 1700 meter, og det er altfor lite og blir altfor einsformig i lengden. Hittil er det frivillige som har fått til denne første sløyfa. No er det kommunen sin tur til å ta ansvar ved å utvikle turområdet vidare. Dette er mykje meir fornuftig bruk av dette unike området. Dersom ein i staden byggjer ut vil sjansen til å utvikle turområdet vere tapt for all framtid.

### 3. Logiske brist og feil og manglar i planprogrammet

I planprogrammet kap. 1.4 står det: *"Føremålet med reguleringsarbeidet er å vidareutvikle og tilrettelegge Lonena som friluft- og rekreasjonsområde samt legge til rette for utvikling av eit sentrumsnært bustadområde med god bustad- og bukvalitet."* og *"Planområdets størrelse og plassering i nærleik til natur- og friluftsområder, offentlige tenester og Knarvik sentrum er eit godt utgangspunkt."*

Desse hensyna lar seg openbert ikkje kombinere. Ein kan jo ikkje ha rekreasjonsområde og bustader oppå kvarandre! At ein her skal øydeleggja rekreasjon og natur i området og erstatte den med tettstadområde står jo i klartekst i kap. 1.2: *"Med planområdets sentrale plassering i Knarvik, definerer Lindås kommune ei utvikling av Lonena som eit utviklingsprosjekt for by- og tettstedsområde."* Denne påstanden er forøvrig ikkje korrekt då områdeplanen for Knarvik by ikkje omfattar Lonena. Vidare er ikkje Lonena sentralt plassert i Knarvik – det er heilt i utkanten av Knarvik. Det er tydeleg at ein her vrir og vender på røynda alt etter kva som passar, og somme stader i planprogrammet høver det seg tydeligvis å framstille området som urbant og sentrumsnært, medan andre stader blir naturen forsøkt framstilt som viktig.

I planprogrammet kap 1.4 står det: *"Miljøprofil: Områdereguleringa skal legge til rette for redusert bruk av bil ved å prioritere gode gang- og sykkelamband både internt i planområdet og vidare mot skular, barnehagar, idrettsanlegg og Knarvik sentrum m.m."*

Dette lar seg ikkje realisera med bustader ved Lonena, ganske enkelt fordi det er for lang avstand til handlesenter og servicetilbod til at folk orkar å gå eller sykla. Dei køyrer bil, f.eks. køyrer jo folk bil i dag frå Stallane for å handle i Knarvik Senter! Ein lyt på dette området vere viljug til å innsjå realitetane, nemleg at folk flest vel minste motstands veg, og det er oftast bilen. Gang- og sykkelvegane kan vere så gode dei vil, avstanden blir ikkje kortare av den grunn. Dette innrømmer planprogrammet i kap. 5 der det står at : *"Det skal leggest til rette for konsentrert bustadbebyggelse med tilhøyrande grønstruktur, infrastruktur og tenestetilbod som til dømes daglegvaretilbod, treningssenter og liknande."* og *"Det skal i planutgreiinga gjerast greie for korleis ein best kan legge til rette for kollektivtrafikk for området."*

Det blir altså for langt å gå til sentrum for å handle, difor skal det etablerast butikkar m.m. ved Lonena. Dette kjem til å generere biltrafikk mellom dei to tettstadene Knarvik og Lonena fordi ein del folk som bur i Knarvik kjem til å nytte treningssenter og andre servicetilbod i Lonena og vice versa fordi folk har ulike preferansar.

Det er mange andre stader ein kan leggje servicetilbod enn i det einaste nærliggjande naturområdet for innbyggjarane i Knarvik (med unntak av det vesle området rundt Kvassnesstemma). Ikkje minst i det framtidige Knarvik sentrum. Ein må samle alle servicetilboda i gangavstand og ikkje spre dei utover eit stadig større område. For det gir meir bilbasert trafikk, slik vi ser at det er i Åsane.

### 4. Negative konsekvensar av utbygging

I planprogrammet er det eit kap. 6.1 med tittel "Tema som skal konsekvensutgreiast" der ein listar opp konsekvensområde som skal utgreiast. Nedanfor fylgjer eit utval konsekvensar av ei slik utbygging.

Tiltaket vil føre til at det ikkje lenger vil vera mogeleg å utvida dagens rekreasjonssti rundt Lonena med fleire sløyfer. Allereide i dag er kapasiteten i Aktivitetsløypa til tider sprengt, og dette vil forverra seg vesentleg med ein ny tettstad rundt Lonena. Trengsel er ikkje noko godt utgangspunkt for rekreasjon.

I planprogrammets Kap. 5 står det om dette:

*"Ei analyse av planområdets tilgrensande stiar, gangvegar og besøksformål (idrett, skule, handel) vil vere eit grunnlag for å planlegge effektive ferdslesamband mellom Lonena (planområdet) og Knarvik sentrum, samt tverrsamband på denne strekninga."*

Det kjem til å oppstå snarvegar mellom husa og Aktivitetsløypa som gjer at folk kjem til å nytte løypa som gjennomfartsveg både med sykkel og til beins, dvs. folk som ikkje har rekreasjon eller trening som formål kjem til å nyttegjere seg av løypa. Det vil gje ytterlegare press på kapasiteten i løypa. Ein kan sjølvstilt gjerda inn aktivitetsløypa for å hindre slike snarvegar, men med den store auken i folketal som ein legg opp til vil kapasiteten rundt Lonena uansett bli sprengt av turgåarar og mosjonistar.

Auka folketal gjev auka press på servicetilboda i Knarvik. Til dømes har det lenge vore sprengt kapasitet i Nordhordlandshallen. Eg saknar ei kapasitetsanalyse og plan for korleis Lindås kommune har tenkt å finansiere auka kapasitet innan skule, idrett, helse, transport, m.m. som følge av den voldsomme auken i folketal Lindås kommune ynskjer seg. Dette blir nemleg ikkje billeg og kommunens gjeld er allereide altfor stor.

Difor vil eg heller oppmode Lindås til å prioritere kvalitet framfor kvantitet. Den ideelle kommunen har eit stabilt folketal, der bukvaliteten aukar over tid gjennom stadig betre servicetilbod. Ikkje eit stadig aukande folketal der ein heile tida må løyse utfordringar med manglande kapasitet på alle frontar. Ein får større skatteinntekter, men vinninga går fort opp i spinninga når desse innbyggjarane skal ha dei servicetilboda dei har krav på.

Her kan nemnast den for lengst sprengte kapasiteten på E39 til Bergen der mange i Nordhordland har og vil ha sitt arbeid også i framtida (og folk i Bergen som har sitt arbeid i Nordhordland). Bergen kommune vil ikkje ha Nyborgtunnelen som kortar reiseavstanden med 5,5 km og som med eit busstilbod som utnyttar denne tunnelen hadde korta reisetida så mykje at langt fleire hadde valgt buss framføre bil til Bergen. Det er tidsbruken som er hovedårsaka til at folk vel bil framfor buss. Å fortsetje utbygginga i Nordhordland vil auke trafikken over Nordhordlandsbrua endå meir og dermed forsterke desse problema ytterlegare. Snøggbåten mellom Knarvik og Bergen har eit avgrensa nytteområde då den er dyr og kun tenleg for dei som skal til Bergen sentrum, ikkje for dei som skal til Bergens omeign. Dei planlagte massive utbyggingane i Knarvik sentrum, Lonena og Flatøy bør difor ikkje iverksetjast før kapasiteten på E39 er betra. Det er lite realistisk å tru at alle i Nordhordland skal skaffa seg arbeid i Nordhordland, så brei arbeidsmarknad kan ein ikkje få til i Nordhordland.

Planane vil gje ei enorm auke i biltrafikken langs Lonsvegen då det for dei fleste ikkje er gangavstand til Knarvik sentrum og skysstasjonen. Denne vegen er svært svingete og har mange uoversiktlege bakketoppar. Dei mange fartshumpene som er etablert på Lonsvegen stadfester den dårlege vegstandard. Her kan ikkje bussar køyre, det vil mellom anna øydeleggje ryggane til bussjåførane, det har jo vore omtala i media tidlegare. Ein lyt hugse at det ikkje berre er Aktivitetsløypa som vert nytta til rekreasjon og trening, men også sjølve Lonsvegen og områda rundt stadion. Alle desse områda blir kraftig forringa av den sterke auken i biltrafikken som vil kome. Allereide med utbygginga hittil har trafikken auka monaleg samanlikna med få år siden, men det blir for ingenting å rekne samanlikna med kva ei storstilt utbygging i Lonena vil føre med seg.

I planprogrammets Kap. 5 står det: *"Buffersona skal vera friområde/grøntområde, og det skal tilretteleggjast slik at ein så langt som råd hindrar direkte innsyn til/frå Brekkeløypa."*

Eg har ingen tru på at ein klarar å skjerme innsyn frå bustadblokker rundt Aktivitetsløypa fordi blokkene kjem høgare i lendet enn løypa som er lågast i terrenget. Det kjem også til å bli mykje støy frå bustadområdet med servicetilboda der. Til dømes veit vi frå konflikten på Frekhaug (treningscenteret Max Fitness) at treningscenter ikkje er lydlause. Eit anna døme er hundar utanfor blokkene / på terrassane som kommuniserer med kvarandre og med hundane som blir lufta rundt Lona. I tillegg vil auka bilstøy og visuell støy øydeleggje naturopplevinga ein i dag får med ein tur i løypa.

## 5. Konklusjon

Eg vil med dette på det sterkaste protestere mot dei planlagte utbyggingane av Lonena. Det er fullstendig uansvarleg. Dette vil bli ein evig skamplett for dei konkrete politikarane i Lindås som stemte for dette for all framtid.

Kreftene bør brukast på noko meir konstruktivt, som å utvida Aktivitetsløypa, betre straumstabiliteten (redundans i el-nettverket) og elles auke bukvalitetane for dei som allereide bur i Knarvik.

Null-alternativet er utfrå dette det einaste fornuftige. Planområdet rundt Lonena bør i sin heilskap reserverast til rekreasjon. Det er nok av ubygde områder utanfor dette planområdet som kan utviklast, til dømes der ein allereie er i gong med utbygging langs Lonsvegen mot E39, og midt i Knarvik sentrum der Schlumberger sitt fabrikkområde ligg saman med tilstøytande næringsareal som utgjer eit stort tildels inngjerda område som ein i dag lyt gå omveg rundt. Her bør ein etablere bustader og kryssande gater gjennom dette området for at innbyggjarane lettare skal kunne ta seg fram utan omvegar i Knarvik sentrum.

Eg oppfordrar kommunen til å heller vedta oreigning av området rundt Lonena og å opprette Lonena Naturpark!